

HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Utviklingsplan for Hordaland – høyringsforslag

Regional planstrategi 2016–2020



# FØREORD

*Tekst kjem i vedtatt strategi*

*Fylkesordfører*



## INNHALD

Innleiing .....	4
<b>1. Langsiktig mål for Hordaland .....</b>	<b>6</b>
1.1 Langsiktige mål – ei utdjuping .....	6
1.2 Ein felles strategi for utvikling av Hordalandssamfunnet .....	6
<b>2. Hovudmål med strategiar, utviklingsretning og planbehov .....</b>	<b>8</b>
2.1 Høg sysselsetjing .....	8
2.2 Eit inkluderande samfunn .....	10
2.3 Klima- og miljøvenleg utvikling .....	13
2.4 Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion .....	18
<b>3. Regional planlegging 2016–2020 .....</b>	<b>20</b>
3.1 Føringer for regional planlegging .....	20
3.2 Regional planlegging 2016–2020 – oversyn .....	20
Vedlegg 1, Oversyn over regionale planar .....	23
Vedlegg 2, Oversyn over sektorplanar og strategiar .....	24
Vedlegg 3, Påverknadsfaktorar for folkehelsa .....	25

### § 7-1. Regional planstrategi

*Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet. Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging. Den regionale planstrategien skal inneholde en oversikt over hvordan de prioriterte planoppgavene skal følges opp og opplegget for medvirkning i planarbeidet.*

(Plan- og bygningsloven)

## INNLEIING

Hordaland fylkeskommune skal vera ein tydelegare pådrivar for samfunnsutvikling i fylket. Regional planlegging er ein reiskap for å sjå utvikling i heilskap, samordna sektorar og forvaltningsnivå og staka ut ein felles kurs. Den overordna ambisjonen om å styrke utviklingsrolla er nedfelt i regional planstrategi. Strategien set den overordna kursen for Hordaland og gir klare prioriteringar for vidare felles satsingar.

Dette høyringsforslaget til regional planstrategi 2016–2020 – «Utviklingsplan for Hordaland» inneheld forslag til langsiktige mål for utviklinga i Hordaland og prioriterte hovudmål og strategiar for dei næraste åra. Den inneheld også forslag til kva regionale planar som skal utarbeidast, reviderast eller fortsatt gjelda i fire års perioden. Strategien er heimla i plan- og bygningslova § 7-1. Regional planstrategi skal endeleg ved-as av fylkestinget i desember på bakgrunn av høyring av dette forslaget.

Når strategien er vedtatt skal fylkeskommunen, statlege organ og kommunar leggje den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Såleis blir planstrategien ein felles plan for utvikling av Hordalands-samfunnet.

### Organisering og medverknad

Regional planstrategi er ein utviklingsplan for Hordaland. Strategien er utarbeidd i samarbeid med viktige samfunnsaktørar i fylket. Arbeidet har vore organisert slik:

**Styringsgruppe** er fylkesutvalet. Styringsgruppa starta opp arbeidet i november 2015 og har vedtatt høyringsforslaget. Styringsgruppa vil gje tilråding om endeleg vedtak av planstrategi etter høyringa.

**Samrådsgruppe** blei oppretta av fylkesutvalet ved oppstart. Gruppa er samansett slik:

- Anne Gine Hestetun, fylkesordfører, leiar
- Mona Røsvik Strømme, medlem og gruppeleiar fylkesutvalet
- Emil Gadolin, leiar utval for opplæring og helse
- Beate Husa, leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Nils Bjørke, leiar utval for miljø og samferdsel
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann, Fylkesmannen i Hordaland
- Odd Harald Hovland, ordfører Bømlo kommune, representant for Sunnhordland
- Karstein Totland, ordfører Masfjorden kommune, representant for Nordhordland
- Jostein Ljones, ordfører Kvam kommune, representant for Hardanger
- Børge Haugetun, ordfører Øygarden kommune, representant for kommunane i Vest
- Atle Kvåle, ordfører Fusa kommune, representant for kommunane rundt Bergen
- Harald Schjelderup, byrådsleiar i Bergen, representant for Bergen kommune



Fra fylkestinget 9. mars.

Foto: Bjarte Brask Eriksen

Strategiarbeidet blei førebudd med eit samrådsmøte 4. september 2015 der ei rekkje fagmiljø og etatar var invitert. Møtet kom med innspel om kva utfordringar som er viktigast for Hordaland dei næraste åra.

I prosessen vidare har det vore halde tre møte i samrådsgruppa. Det har vore eit utvida samråd med alle kommunane, ei rekkje statlege organ, verksemder og organisasjonar som del av fylkestinget 8. og 9. mars 2016.

Det har vore konsultasjonsmøte med:

- Regionalt næringsforum
- Regionrådssekretariata – kontaktutval
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (fylkessamling)
- Eldrerådet i Hordaland
- Det felles innvandrarrådet i Hordaland/kontaktutvalet mellom styresmakter og innvandrar/BIKS

Ungdommens fylkesting i Hordaland har gjennomført ei spørjeundersøking med ein digital framtidswerkstad.

Administrasjonen i fylkeskommunen med representantar for ulike avdelingar har bidratt i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og utforming av strategien. Toppleiargruppa i fylkeskommunen har vore nytta som referansegruppe i arbeidet.

#### Informasjon og dokumentasjon

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd følgjande

grunnlagsdokument for arbeidet med strategien:

- Utfordringar for Hordaland – samling av innspel til strategiprosessen
- Utviklingstrekk i Hordaland – AUD-rapport nr. 2–16
- Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt

Alle dokumenta er tilgjengeleg her:

[www.hordaland.no/regionalplanstrategi](http://www.hordaland.no/regionalplanstrategi)

Kunnskapsoversikten over folkehelsa i Hordaland er utarbeidd som ein del av fylkeskommunens lovfesta ansvar for folkehelse. Rapporten er eit grunnlagsdokument for utarbeiding av planstrategien og er tatt omsyn til ved utforming av mål og strategiar. Hovudtilrådingar i rapporten kan lesast i eit kort samandrag i vedlegg til denne planstrategien.

Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging blei vedtatt ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015 og inneheld tre hovudpunkt: Gode og effektive planprosessar, Berekraftig areal- og samfunnsutvikling og Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde. Fylkesmannen i Hordaland har gitt si vurdering av prioriterte temaområde og planar i brev av 11. august 2015, og tilrådingane er vektlagt i arbeidet.

Det er sendt ut informasjonsskriv om arbeidet til relevante instansar og oppretta eiga nettside med laupande oppdatering på [www.hordaland.no/regionalplanstrategi](http://www.hordaland.no/regionalplanstrategi)

# 1. LANGSIKTIGE MÅL FOR HORDALAND

## Langsiktig mål:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

## Hovudmål:

Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Langsiktige mål har ein tidshorisont ut over 2020. Dei langsiktige måla er ein referansebakgrunn for å vurdere kva utfordringar fylket står framfor både på kort og lang sikt. Hovudmåla er forma ut i frå den aktuelle situasjonen nett no og kva fylket i perioden 2016–2020 skal ha fokus på for å oppnå dei meir langsiktige måla. Dei langsiktige måla blir utdjupa i kap. 1.1, medan hovudmåla er nærare konkretisert i kap. 2.

## 1.1 LANGSIKTIGE MÅL – EI UTDJUPING

### Berekraftig regional utvikling

Berekraftig utvikling er eit vidt omgrep. I denne planstrategien vil det seie at planlegging og forvaltning regionalt må finna løysingar som sikrar ein langsiktig balanse mellom

- Økonomisk utvikling
- Sosial og kulturell utvikling
- Miljøtilstand

*«Berekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.»*

Verdenskommisjonen for miljø og utvikling 1987

Med økonomisk berekraftig meinast eit konkurransedyktig og mangfaldig næringsliv og ein effektiv offentleg sektor som tåler endringar i rammevilkår. Ei balansert utvikling legg til rette for at alle innbyggjarar kan ha høg livskvalitet med deltaking i arbeids- og samfunnsliv og kan nytta offentlege tenester tilpassa ulike behov. Den samla aktiviteten i Hordaland må ta omsyn til økologisk balanse regionalt og globalt og langsiktig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar.

### Attraktivt fylke

For at Hordaland skal vera eit attraktivt fylke å bu i må det tilby bustadområde med høg kvalitet. Fylket må ha gode vilkår for etablering av nye verksemder med interessante arbeidsplassar. Fylket må også ha trivelege studentmiljø, og turistar og andre på mellombels opphald må kjenna seg velkomne.


*«Grønt skifte må definerast»*

Nils Tore Skogland,  
Naturvernforbundet


### Nyskapande fylke

Aktiviteten i fylket skal vera prega av kontinuerleg nyskaping i form av nye arbeidsmåtar eller nye produkt.

FIGUR 1.2.1



FIGUR 1.2.2



Forskning, innovasjon og utvikling må vera tett knytt til offentleg sektor og næringslivet.

## 1.2 EIN FELLES STRATEGI FOR UTVIKLING AV HORDALANDSSAMFUNNET

**Felles mål for samfunnsutvikling**  
Hordaland fylkeskommunen har ei sentral leiroll i samfunnsutviklinga i Hordaland. Regional planlegging er ein reiskap for å fylla den rolla. Gjennom regional planlegging kan ein samordna sektorar og forvaltningsnivå og i fellesskap prioritera utfordringar som krev felles innsats.

I Regional planstrategi 2016–2020 stakar fylkestinget ut kursen for Hordaland dei næraste åra. Strategien byggjer på ei mobilisering av sentrale samfunnsaktørar i Hordaland; stat, kommune, verksemder og organisasjonar gjennom ulike møteplassar og samråd. I denne planstrategien er det lagt vekt på å utvikle felles mål. Ved å sameinast om utfordringar, mål og strategiar vil Hordaland kunne få større måloppnåing gjennom synergieffektar og betre ressursutnytting.

### Frå plan til handling

Regional planlegging har langsiktig karakter. Oppfølgingsarbeidet til planstrategien er avhengig av fortsatt innsats frå offentlege så vel som private organ. Gjensidig forpliktande regionale planar med offensive og realistiske handlingsprogram, bindande retningslinjer for arealbruk, utviklingsavtaler og partnerskap skal sikre gjennomføring av strategien på lang



Fra fylkestinget 9. mars.

Foto: Bjarte Brask Eriksen

sikt. Revisjon av handlingsprogram, strategiar og større samarbeidsprosjekt vil fremja resultat av planstrategien innan ein kortare tidshorisont.

lagt vekt på å sikre gjennomføring av vedtatte planar og begrensa talet på nye planar.

Dagleg forvaltning skal påverkast av mål og strategiar i regional planstrategi og skal gje enda raskare endringstakt der det er relevant.

«Vi må ha et tettere samarbeid i vår region – både i formelle planer og i daglig virke.»

Harald Schjelderup,  
byrådsleiar Bergen

Ambisjonane må samsvara med ressursane tilgjengeleg for gjennomføring. I denne planstrategien er det

Regional planstrategi er også ein felles plan for statlege organ og kommunar i fylket. Kommunar og statlege organ blir invitert til å delta i fylkeskommunens vidare plan- og oppfølgingsarbeid. Like viktig er det at statlege organ og kommunar fremjar mål og strategiar som dreg i same retning innafor eige ansvarsområde.

## 2. HOVUDMÅL MED STRATEGIAR, UTVIKLINGSRETNING OG PLANBEHOV

### 2.1 HØG SYSSELSETJING

#### Strategiar:

1. Auke nyetablering og framtidssretta verdiskaping i næringslivet
2. Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv
3. Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

#### Utfordringar og utviklingsretning

*Utnytta kompetansen i oljesektoren*  
Eit oljesmurt næringsliv har dei siste åra ført til høg sysselsetjing, mangel på arbeidskraft og stor arbeidsinnvandring til Hordaland. No går fylket inn i ein periode med svingane oljeprisar og lågare aktivitet i oljesektoren. Olje- og gassektoren vil framleis vera viktig for fylket, men redusert aktivitet har auka behovet for å utvikla nye arbeidsplassar i andre næringar og bransjar. Omstillinga må ta omsyn til behovet for å frigjera seg frå for sterk oljeavhengigheit i framtida, men samstundes utnytta den høge kompetansen som er bygd opp rundt denne sektoren.

«Prioritere å erstatte oljenæringa med fornybare løysningar, og for alt i verden ikke gjøre alle oljearbeidare til arbeidsledige.»

Anonym ungdom

#### Ta i bruk ny teknologi

Behovet for omstilling på grunn av endringar i oljesektoren kjem i tillegg

til fylgjene av den teknologiske utviklinga – den tredje industrielle revolusjon. Utviklinga er kjenneteikna av automatisering, digitalisering, robotisering og såkalla smarte produkt. Ny teknologi som kan gje grunnlag for omstilling av næringar eller nye næringar bør tas i bruk i eit samspel med eksisterande næringsretta kunnskap.

#### Grøn konkurransekraft

Næringslivet vil tena på og bør ta høgde for framtidige strengare krav til lågt klimagassutslepp og minimal miljøpåverknad. Utfasing av bruk av fossil energi og energieffektivisering er del av dette. Utvikling av sirkeløkonomi er eit satsingsområde innan EU som bør fylgjast opp. Bioøkonomi og grøn økonomi er ein retning som bør definerast nærare og konkretiserast for Hordaland. Innovasjon og produktutvikling innan miljøfeltet er framtidssretta. Utnytting av vasskraft og elenergi er naturleg i dette fylket. Batteriteknologi og satsing på hydrogenfylket står opp under fylket sine naturgjevne fordelar.

#### Miljøvenleg transport

Transporttilhøve påverkar lønsemda i næringslivet. Ein effektivt og miljø-

venleg transport og godt vedlikehalde fylkes- og riksvegnett fremjar konkurransekrafta. Verksemdar må leggja til rette for miljøvenleg transport både av varetraumar og tilsette.


#### Betra samspelet innan utdanningssektoren og mellom utdanning og arbeidsliv

Samspelet mellom arbeidslivet og utdanningssystemet på alle nivå må bli betre. Samspelet internt i utdanningssektoren mellom utdanningsnivå og mellom institusjonar bør også bli betre. Dynamikken i arbeidslivet må attspeglast i utdanningssystemet, og i særleg grad den vidaregåande skulen. Behovet for framtidig arbeidskraft innan helse- og omsorgssektoren grunna aukande tal eldre må sikrast.

#### Frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi


Føresetnadane for å kunne gå frå ein ressursøkonomi til ein kunnskapsøkonomi ligg godt til rette i Hordaland fylke som har eit høgt utdanningsnivå, verdifull spisskompetanse og tunge forskingsmiljø på internasjonalt nivå. Dette er fortrinn i konkurransen med lågkostland. Kva som vil vera framtidens næringsliv er ingen gitt å svara sikkert på. Fylket

FIGUR 2.1.1 Frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi



Figur Etableringsrate – tal sysselsatte i nyetablerte føretak pr 1000 i arbeidsstyrken i 2001-2014

FIGUR 2.1.2 Marknadsretta forskning



Figur FOU-utgifter i Hordaland etter sektor i perioden 2001-2013 Kjelde: FoU-statistikkbanken

bør utnytte verktøy for heile tida å vera oppdatert på utviklingstrekk som vedkjem framtidig næringsverksemd. Entreprenørskap må bli eit kjenne-teikn ved næringslivet i Hordaland. Nyetableringstakten og marknadsretta produktutvikling må aukast. Vekstorienterte grunderar må vera spydspissar for omstilling.

Fylket sine sterke klynger innan marin-, maritim- og energisektor må utnyttast, men må balanserast med behovet for fleire bein å stå på som opplevingsøkonomi, kultur, reiseliv og mediebransjen. Ei ny «grøn klynge» kan også vera aktuelt.

#### Marknadsretta forskning

Satsing på forskning og utvikling innan felt som kan skapa nye produkt med potensiale for sysselsetjing i privat sektor eller auka produktiviteten i offentlig sektor er naudsynt. Forsking og utvikling innan privat sektor med sikte på å betre flyten frå produktide til marknad må styrkast. Framvekst av nye næringar tek tid og det må skje gjennom kopling av forskning og meir praktisk basert kompetanse. Omsorgsteknologi og helse, inkludert tannhelse, er felt som bør utviklast.

#### Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

*Revisjon av regional næringsplan*  
Utfordringane og strategiane innan målsetjinga høg sysselsetjing kan fylgjast opp i revisjon av regional næringsplan og handlingsprogramma til denne. Planen bør byggje på analysar av framtidig utviklingstrekk for næringslivet og vurdere behovet for satsing på ulike klynger. Ulike delstrategiar til dømes innan reiseliv, landbruk og mat kan forankrast eller innarbeidast i regional næringsplan for å gje best mogeleg samla effekt. Felt der det er naturleg å samhandle på Vestlandet bør koma fram av planen. Likeens trongen for å differensiere mellom indre strøk, kysten og Bergensområdet. Utfordringane som er karakteristiske for Indre Hordaland bør integrerast i planen. Næringsplanen bør omhandle trongen for areal- og naturressursar, men ikkje gje retningslinjer for areal- og naturressursforvaltning.

#### Regional plan for utdanning og arbeidskraft

Målsetjinga om tett kopling mellom arbeidslivet og utdanningssystemet kan fangast opp gjennom det pågåande arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Det blir viktig at denne planen etablerer handlingsplanar for varige ordningar med kontakt mellom arbeidslivet og utdanningssystemet. Planen er venta vedtatt i 2017.

#### Revisjon av forskingsstrategi for Hordaland

Behovet for forskning og utviklingsarbeid som kan skapa nye produkt for kommersialisering og som gjer sysselsetjing, kan fangast opp av forskingsstrategi for Hordaland og spelast vidare inn til bestillinga til regionalt forskingsfond. Innovasjon som kan auke produktiviteten innan helse og omsorgfeltet er spesielt relevant.

## 2.2 EIT INKLUDERANDE SAMFUNN

### Strategiar:

1. Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa
2. Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø
3. Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

### Utfordringar og utviklingsretning

#### Aktive hordalendingar

Eit berekraftig samfunn er inkluderende og kjenneteikna av at alle kan delta og vera aktive. Innbyggjarane tar ansvar for fellesskapet og kan dra nytte av fellesgodene. Eit nærmiljø med låge tersklar – fysiske og mentale – aukar mogelegheitene og viljen til deltaking. Ein god barndom og ei god ungdomstid legg grunnlaget for eit godt vaksenliv.

Den viktigaste arenaen for inkludering er arbeidslivet. Gjennom å leggje til rette for eit arbeidsliv som er inkluderende, helsefremjande og med korte pendlarveggar, kan terskelen for deltaking gjerast lågare. Målet om høg sysselsetjing inneber også at grupper med tradisjonelt svakare band til arbeidslivet oftare er i arbeid. Sysselsetjing er omtalt i Kap 2.1

*Gjennomført vidaregåande opplæring*  
Utdanning som kvalifiserer for jobb

er ein grunnleggjande føresetnad for inkludering. Grunnlaget for utdanningsløpet startar alt i barnehagen og går gjennom grunnskulen og vidaregåande skule. Dette kan sjåast på som ei samanhengande lenkje som er avhengig av kvalitet i alle ledd. I Hordaland er det avdekt forbettingspotensiale i alle ledda. Kompetansen i barnehagane kan bli betre. Trivsel og resultat i grunnskulen kan bli betre og gjennomføring i vidaregåande skule kan bli betre. Samspelet mellom dei ulike nivå må også betrast, overgang frå grunnskule til vidaregåande skule er spesielt sårbar. Innvandrardom

«Fråfallet i vidaregåande skule har bitt seg fast, situasjonen krev nytenking.»

Emil Gadolin,  
leiar opplæring og helse

har særlege utfordringar i møte med norsk utdanningssystem.

Kvaliteten i skulen er ikkje berre eit spørsmål om ein oppnår kompetansemåla i læreplanen. Kvalitet handlar og om trivsel og meistring og kan dermed også omfatta elevane si psykiske og fysiske helse. God psykisk helse hos ungdom er eit område som bør satsast meir på. Samhandling mellom offentlege tenester innafør skulen og eksterne utanfor skulen, må bli betre.

#### Meir kontakt og betre nettverk

Organiserte og uorganiserte aktiviteter i nærmiljøet er viktige for å utvikle og styrke sosiale relasjonar, og for å gje verdifulle og helsefremjande opplevingar for menneske i alle aldrar. For nokre menneske er barrierane mot å bli inkludert spesielt høge. Det gjeld personar med låg inntekt og nedsett funksjonsevne og dei som står utanfor arbeidslivet, som arbeidslause, heimeverande eller pensjonist-




ar. For innvandrarar frå andre og til dels framande kulturar er inkludering svært viktig for å formidle verdiane i samfunnet og samstundes krevjande, nettopp grunna språk og kultur. Det gjeld anten bakgrunnen er arbeidsinnvandring, familiegjenforeining eller busetjing av flykningar. Einslege mindreårige flykningar har spesielt store utfordringar.



I tillegg til hovudføresetnader om arbeid og utdanning, vil fritidsaktivitet i nærmiljøet vera ei god og kompletterande kontaktskapande moglegheit. Frivillige organisasjonar kan spela ei spesielt viktig rolle for grupper som ikkje deltek på andre arenaer. Offentleg støtte til frivillig arbeid for å inkludera lite aktive grupper gjennom lågterskeltilbod i nærmiljøet bør prioriterast.


**Utvikle møteplassar i lokalmiljø**  
Alle bur vi i eit lokalmiljø, og rundt 80% bur no i det som karakteriserast som ein tettstad. Lokalmiljøet bør vera ein god inkluderingsarena der menneske

FIGUR 2.2.1 Meir kontakt og betre nettverk



Figur Førstegangsinnvandrarar i Hordaland 2005 -2015 etter verdsdel. Kjelde:SSB

FIGUR 2.2.2 Gjennomført vidaregåande opplæring



Figur Gjennomstrømming for elevar i vidaregåande skole i Hordaland etter fullføringsgrad, både offentlege og private skolar. Elevane begynte i vidaregåande skole i 2009. Fullføringsgraden er målt 5 år etter, dvs i 2014 (Skoleporten/Udir 2016)

i alle aldrar og på ulike funksjonsnivå kan møtast spontant og uformelt.



«Kva med universell utforming?»

Kjell Søvik, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kompakt utbygging konsentrert om senter og varierte bustader med vekt på leiligheiter legg tilhøva til rette for at nærmiljø kan fremja integrasjon. Kort avstand mellom bustad og rekreasjonsområde, tenester, handel og kollektivtilbod sikrar muligheiter for møteplassar for alle. I tettstadane bør nye bustader i hovudsak ha livsløpsstandard og sentrale fellesområde bør ha universell utforming. Kollektivtransport må vera tilgjengeleg for

alle og universelt utforma. Regionsentera i fylket slik dei går fram av regional plan for attraktive senter er vekstområde og har ein særleg viktig funksjon i å tilfredsstilla desse behova. Kommunane sin senterstruktur, med funksjonelle kommunesenter og lokalsenter, må stø opp under og samverka med den regionale strukturen.

### Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

#### *Prosjekt og tiltak for kvalitet i oppvekst*

Kvalitetsutfordringa i utdanningssystemet frå barnehage til vidaregåande skule er ikkje omfatta av ein felles plan i dag. Det eksisterer ein sektorplan for pedagogisk arbeid i den vidaregåande skulen, men elles er dette eit felt som er delvis styrt av nasjonale standardar og strategiar og av kommunane sine eigne sektorplanar. Fylkeskommunen har fleire prosjekt i regi av Opplæringsavdelinga som vedkjem kvalitet i opplæringa. Det er behov for å sjå dette feltet samla. I denne planperioden er det trong for å styrke eksisterande planar når det gjeld gjennomføring av tiltak som oppfyller intensjonane i regional planstrategi. Fylkeskommunen initierer no eit forskings- og tiltaksprosjekt for å auke gjennomføringsgraden i vidaregåande skule. Det er behov for ein forstudie som vurderer svakheitene på oppvekstområdet og trongen for ein samordnande regional plan i neste strategiperiode.

#### *Handlingsplan for inkludering, likestilling og likeverd*

Det er under arbeid ein sektorplan for inkludering, likestilling og likeverd som også omfattar fylkeskommunens tenester. Vidaregåande skule er spesielt viktig i den samanheng. Planen vil bli ferdig i 2016.

#### *Gjennomføring av regional plan for folkehelse*

Målsetninga om eit meir inkluderande samfunn

går som ein raud tråd gjennom regional plan for folkehelse i alle dei fem målområda til planen. Her inngår meir helsefremjande samfunnsplanlegging, auka medverknad, universell utforming, gode og trygge lokalsamfunn og gode nærmiljø og bustader. Oppvekst, læring, arbeid og fritid er òg prioriterte område. For å lukkast med målsetningane i planen, blir det viktig å trekke planen og handlingsprogrammet inn i dei relevante sektorområda.

#### *Gjennomføring av regional plan for kultur*

Inkluderingsarbeid i fritid og frivillig arbeid kan fangast opp av gjeldande regional plan for kultur og leggast til grunn for revisjon av handlingsprogram og retningsliner for tilskotsordningar. Prioritering av tiltak og ordningar som kjem lite aktive grupper til gode må sikrast.

#### *Gjennomføring av regional plan for attraktive senter*

Utvikling av attraktive senter er fanga opp i regional plan for attraktive senter og det må setjast fullt trykk på gjennomføring i tilknytning til planen. Transport er eit viktig temaområde for utvikling av regionale senter og kan også vurderast i regional transportplan. Tiltak som er retta mot lokalsamfunn i regional plan for folkehelse er relevant å styrke. Både skulebruksplanen og tannhelseplanen bidrar til å styrke regionale senter. Regional kulturplan og regional næringsplan har også tiltak retta mot senterutvikling.

## 2.3 KLIMA- OG MILJØVENLEG UTVIKLING

### Strategiar:

1. Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
2. Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
3. Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

### Utfordringar og utviklingsretning

#### *Mindre klimagassutslepp og luftforureining*

Miljøutfordringane grunna forureinande utslepp til luft femnar om alt frå lokal luftkvalitet til globale klimaendringar med omfattande utfordringar

**Draum:**  
«Ein nydeleg klimapolitikk som fungerer!»

Anonym ungdom

for verdssamfunnet. Folkerettsleg forpliktande avtalar forhandla fram i Paris 2015 i regi av FN bind Norge til å arbeide mot ei klimanøytral verd

etter 2050 for å oppnå at ei global oppvarming held seg godt under 2 grader, helst under 1,5. Ambisjonsnivået er auka.

Hordaland er det fylket som slepp ut mest klimagassar av alle fylka i Norge. Årsaka er eit stort innslag av oljerelatert industri. Pådrivararbeid for å gjera denne meir miljøvenleg må vera ein del av klimaarbeidet i Hordaland. Eit meir klima- og miljøvenleg næringsliv er eit satsingsområde som er omtalt under kapittel 2.1 om høg sysselsetjing.

Utanom industrien er det transportsektoren og energiforsyning til privat og offentlig verksemd som har størst klimagassutslepp i Hordaland. Utslepp av klimagassar skal i fylgje regionale mål reduserast med 22% innan 2020 i høve til 1991. Energi-


behovet skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av biologisk mangfald. Lågutsleppssamfunnet skal byggjast.

Luftkvaliteten i Bergensdalen er til tider svært dårleg og overskrid nasjonale mål på kalde vinterdagar med inversjon. Hovudkjelda er trafikken, men også energiforsyning til bustader og industri. Arbeidet med overgang til null-utsleppshus må styrkast parallelt med å gjera eksisterande bygningsmasse meir miljøvenleg.

#### *Redusera transportbehovet*

Samordna areal- og transportplanlegging vil bidra til å redusera transportbehovet fram i tid. Fortetting langs stamliner for kollektivtransport og tilrettelegging for gåande og syklande er sentralt. Bymiljøavtale og byutviklingsavtale blir viktige verkemiddel


FIGUR 2.3.1 Mindre klimagassutslepp og luftforureining



Figur : Fylkesfordelte klimagassutslepp i perioden 2009-2013. Kjelde: SSB Statistikkbanken

FIGUR 2.3.2 Klima- og miljøvenleg utvikling

Planstyrt areal- og naturressursforvaltning



Figur Område med størst tettleik av skredhendingar i perioden 2000-2015. Kjelde: NVE/eigne analyser

for å fylgja opp satsingane i Bergens-området i eit partnerskap mellom kommunane, fylkeskommunen og statlege organ.



*Styrke konkurransekrafta til miljøvenlege transportformer*

Det er eit regionalt mål om nullvekst i personbiltransporten i Bergensområdet. Veksten i transport skal skje med miljøvenlege transportformer. Satsing på kollektivtransport er hovudstrategi for å nå målet om nullvekst. Sykkel og

gange er i tillegg eit satsingsområde der helseeffekten også må vektleggjast.

I tillegg til målet om nullvekst er det eit mål om å redusera utslepp frå transportsektoren. Tilrettelegging for vidare bruk av elteknologi og utvikling av hydrogen som energikjelde er sentrale tiltak. Slik miljøteknologi må også takast i bruk i drift av snøggåttilbodet og annan skipsfart.

*Oppretthalde høgt biologisk mangfald*

Biologisk mangfald er stort i fylket og bør vernast om med grunngjeving ikkje berre ut i frå økologisk synsvinkel, men også som ein opplevingsverdi og næringsverdi. Nokre artar og biotopar er sårbare eller truga. Villreinstamma er døme på ein art der fylket også har eit internasjonalt ansvar for vern. Forureining av vassdrag og fjordar er døme på truslar mot biologisk mangfald som må motver-

kast. Laksefjordar og -elvar er særleg verneverdige.


*Vern om regionale og nasjonale landskap og kulturmiljø*

Fylket husar store regionale og nasjonale verdier innan landskap og kulturmiljø, nokre med internasjonal status innafor UNESCO-klassifisering. Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gis særskild merksemd. Viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit regionalt mål å minske tap av prioriterte kulturminne. Fjordlandskapet, fossane og Bergen by med Bryggen er ressursgrunnlag for reiselivet og må vernast om.

*Styrka jordvern*


Arealandel av dyrka eller dyrkbar mark er liten i Hordaland. Eit levande

FIGUR 2.3.3 Planstyrt areal- og naturressursforvaltning



Figur Arealbruk i Hordaland, 2014. Kjelde: Miljøstatus.no

FIGUR 2.3.4 Planstyrt areal- og naturressursforvaltning



Figur Bygging i strandsona, 2008-2013. Kjelde: SSB Statistikkbanken

landbruk er viktig for beredskap og for å oppretthalda kulturlandskap og biologisk mangfald. Samstundes er landbruket ei næring som gir sysselsetjing og busetjing spreidd i heile fylket. Fleirbruk av kulturlandskap, matsatsing og bioøkonomi kan gje landbruket sitt kulturlandskap høgare verdi i framtida. Ressursgrunlaget bør sikrast og avgangen av dyrka mark reduserast.

**Sikring av regionale friluftsområde**  
Fylket har rike og varierte arealressursar for friluftsliv. Sikring av regionalt og nasjonalt viktige friluftsområde gjer fylket attraktivt for busetjing og besøk og fremjar god folkehelse. Sikring av friluftsområde gjennom prioritering i regionale og kommunale planar er naudsynt.

**Planstyrt areal- og naturressursforvaltning**  
Nedbygging eller beslaglegging av areal og forbruk av ikkje-fornybare

«Vi satsar på konstruktive dialogar med kommunane.»  
Beate Husa, leiar kultur, idrett og regional utvikling


ressursar er forhold som bør vurderast nøye dersom ein skal oppretthalda ein god miljøtilstand i framtida. Bit-for-bit utbygging, manglande heilheitleg prioritering av arealbruk og kortsiktige disponering av kultur- og naturressursar er uheldig. Ressursgrunnlag for næringsutvikling, attraktive utbyggingsområde, uerstatteleg kulturmiljø og attraktive rekreasjonsområde for befolkninga kan unødig gå tapt. Målretta forvaltning av fornybare ressursar som vasskraft, akvakulturområde, marine ressursar og område for vindkraft sikrar livsgrunnlag og sysselsetjing på lang sikt. Berekraftig

forvaltning av ikkje-fornybare ressursar som mineralar, stein, sand og grus må etablerast og vil gje fylket konkurransefortrinn på lang sikt.

Grunna global oppvarming kan fylket vera utsett for meir ekstremver, høgare middeltemperaturar, meir nedbør og høgare havnivå. Dette utløyser flaum, skred, sterk vind og høgare bølger, i forskjellig grad i heile fylket. Arealplanlegging er viktigaste verket middelet for å unngå tap og skadar som fylgje av forventa klimaendringar.


Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging gir forutsigbarheit og meir effektive planprosessar, og må styrkast.

FIGUR 2.3.5 Planstyrt areal- og naturressursforvaltning



Figur Produksjon og verdi av laks og aure i Hordaland for perioden 1995-2014. Kjelde: Statistikk.ivist.no/Fiskeridirektoratet

FIGUR 2.3.6 Planstyrt areal- og naturressursforvaltning



Figur Fordeling av freda kulturminner etter type i Hordaland 2013/14. Kjelde: miljøstatus.no

### Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

#### Revisjon av regional klima- og energiplan

Klimaplan for Hordaland blei sist revidert i 2014 og fangar opp tiltak for å redusera klimagassutslepp og for tilpassing til endra klima, samt energitema. Det er trøng for revisjon av planen grunna endra ambisjonsnivå nasjonalt og internasjonalt og vektlegging av hydrogen som energikjelde.

#### Vedtak av regional plan for areal og transport

Regional plan for areal og transport i Bergensområdet og tilsvarende plan for Haugalandet fangar opp både klimastrategiar og delar av arealstrategien. Det er forventet vedtak av desse planane i 2016 og det må leggjast vekt på oppfølging. Bergensområdet er avgrensa ut i frå pendling og reiseavstand og må reviderast etter kvart som tilhøva endrar seg. Korridoren i retning Voss kan på sikt bli meir relevant.

#### Ny regional plan for knutepunkt for godshamn

Regional plan for godshamn bør

vurderast i eit vestlandsperspektiv og avvent resultat av det statlege konseptvalarbeidet for logistikk-knutepunkt for jernbane og veg.

#### Revisjon av regional transportplan

Arbeidet med revisjon av Regional transportplan for perioden 2018–2029 er starta opp og vedtak av planen er venta i 2017. Regional transportplan er ein langsiktig strategiplan for heile transportsystemet i Hordaland. Det er særleg viktig at planen har fokus på mål om nullvekst i personbilreiser i Bergensområdet, styrking av regionale sentra og standardheving av prioritert fylkesvegnett. Målsettingar innan klima, miljø og folkehelse må fylgjast opp i planen. Sektorplanar innan samferdsel bør forankrast i den regionale transportplanen. Vestlandsperspektivet må innarbeidast.

**Ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar**  
Regional plan for natur, landskap og friluftsområde var vedtatt sett i gong i førre regionale planstrategi. Kapasitetsomsyn har forseinka oppstarten. Arealpolitiske retn-

ingslinjer er fortsatt gjeldande i fylkesplan for Hordaland, men er svært forelda og treng revisjon. I nasjonale statlege forventningar til regional planlegging og i stortingsmeldinga om regionreforma St.meld. 22 (2015–2016) er det understreka trøng for ein tydelegare regional arealpolitikk.

Utfordringane og strategiane for ei klima- og miljøvenleg utvikling viser at det er trøng for å utvikle ein føre-seieleg og samstemt politikk når det gjeld arealforvaltning i form av ein regional plan. Dette sikrar viktige verdiar gjennom ei langsiktig og målretta forvaltning. Ulike verdiar må sjåast i samheng slik at ein vernar om dei viktigaste områda og kan frigjera mindre viktige områda for bruk. Den regionale planen må konsentrerast om regionale og nasjonale verdiar og gje tydelege føringar for omsyn som må takast i desse områda.

Det er trøng for å handtere strandsoneforvaltning i planen. Utbygging av fritidshus i fjellområda er eit anna tema som bør inngå. Planen kan også omhandle forvaltning av stein, sand,

grus og mineraler, også bruk av overskotsmassar frå samferdseplanlegg. Kunnskapsgrunnlag for vurdering av små kraftverk kan oppdaterast som del av planarbeidet. Planen bør fastsetje overordna regionale retningslinjer for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø for å skapa ein meir føreseieleg og målretta regional kulturminneforvaltning.

Å utpeike særlege satsingsområde for kulturlandskap, landskapsparkar og matproduksjon inkludert akvakultur og skogbruk bør vera ein del av ein slik plan. Klimaomsyn bør innarbeidast i forvaltning av landbruksareal.

Det bør vurderast om det skal lagast ein samla plan for sjø- og landareal. Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er venta vedtatt i 2016. Denne planen kan vera ein modell for tilsvarende planar i resten av fylket.

Medverknad i planprosessen er avgjerande. Kommunane og statlege organ som NVE, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Fylkesmannen i Hordaland er sentrale saman med fylkeskommunen. Private



Fra fylkestinget 9. mars.

Foto: Bjarte Brask Eriksen

interesseorganisasjonar innan areal- og ressursfeltet er sentrale i medverknaden.

#### *Revisjon av regional plan for Hardangervidda*

Interregional plan for Hardangervidda blei vedtatt i 2011. Det er trøng for enkel revisjon av delar av planen.

#### *Revisjon av regional plan for vassregion Hordaland*

Regional plan for vassregion Hordaland er vedtatt i 2015. EØS-regelverk forpliktar fylket til jamnleg revisjon. Vektlegging av gjennomføring av tiltak i planen er viktig dei næraste to åra. Enklast mogeleg revisjonsprosess bør tilstrebast.

## 2.4 SAMARBEID I EIN STERK VESTLANDSREGION

### Strategiar:

1. Utvikle ein framtidsretta folkevald region
2. Styrke gjennomslagskraft i Europa
3. Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

### Utfordringar og utviklingsretning

#### *Reform som styrker Vestlandet*

Ein sterkare vestlandsregion kan driva meir aktiv samfunnsutvikling. Aktiv samfunnsutvikling krev einingar som kan handtera gjennomgripande heilskapstenking der ein ser på tvers av geografiske grenser, forvaltningsnivå og sektorar. Utviklingsoppgåvene er uløseleg knytt til tenesteproduksjon. Større breidde og djupne i kompetanse vil gje betre tenester og forvaltning og gjera fylket rusta til å konkurrera både med andre fylke og med europeiske regionar. Vestlandsregionen kan demme opp for sentralisering mot Austlandet og skapa meir mangfald og balanse i eit nasjonalt perspektiv. Forhandlingskapasitet og legitimitet fylgjer ein demokratisk styrt region.

Fylkesstruktur og kommunestruktur er under debatt i komande region- og kommunereform. Hausten 2016 er det forventa eit vedtak i fylkeskommunane om tilrådd struktur. Etter dette skal spørsmålet handsamast i Stortinget våren 2017. Oppgåvefordeling er på dagsorden som del av

strukturdebatten. Hordaland bør vera i forkant av ein regionreform og starte med eit prosjekt for å førebu eit større folkevald vestlandsfylke. Fylkestinget har alt gjort vedtak om å starte samtalar med nabofylke i nord og sør.

«Vestlandsregionen viktig – saknar debatt.»

Siri Klokkestuen, fylkestinget

Eit større potensiale for regionalt leiarskap er avhengig av at myndighet, oppgaver og ansvar vert overført frå staten til regionane. Ein regionreform og eit pilotprosjekt på Vestlandet bør også omfatta statlege inndelingar og statlege oppgaver som kan leggjast til større regionale einingar. Nærleiksprinsippa bør leggjast til grunn for oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa.

#### *Fremja felles interesser*

Vestlandet har høg verdiskaping og regionale næringsklynger i verds-klassen. For å utnytte næringsmessige fellestrekk og fellesinteresser må relevante tenester og verksemder vurderast i eit vestlandsperspektiv. Kulturfeltet er også eit område der Vestlandet har fellestrekk og kan stå seg på felles strategiar.

#### *Internasjonal samhandling gjennom regionane*

Internasjonalt engasjement er ein naturleg og integrert del av arbeidet med samfunnsutvikling. EØS avtalen gir fylkeskommunane tilgang til vesentlege økonomiske ressursar og opning for påverknad inn mot europeiske organ. Fylkeskommunen mobiliserer kommunar, verksemder og forskingsmiljø til å dra nytte av dette. Med eit aukande fokus på fylkesovergripande oppgaver er det internasjonale feltet eit døme på kor ein står sterkare saman. Gjennom eit tettare samarbeid på Vestlandet skal fylkeskommunen ta større ansvar for internasjonalt arbeid gjennom deltaking i europeiske organisasjonar på



politisk og administrativt nivå, og gjennom aktivt engasjement og deltaking i europeiske program og prosjekt. Europakontoret i Brussel er eit samarbeidstiltak som bør utnyttast.

#### *Gode regionale transportsamband*

Avstandar er redusert grunna stadig betre samferdselinfrastuktur. For ein sterk region på Vestlandet er det sentralt å ha ein effektiv og godt utbygd infrastrukturalternativ for veg-, sjø- og lufttransport. Ryggrada på Vestlandet vil vera E 39, den indre fjordvegen (RV13) og E 16 Bergen-Sogn.



Tom Knudsen, NHO – Hordaland

Utvikling av regional sjøtransport og ein felles strategi for hamner vil styrke regionen. Lufttransport har

også ein viktig funksjon for å binde regionen saman.

#### *Moderne digital infrastruktur*

Infrastruktur for digital kommunikasjon er ein føresetnad for å utvikle ein sterk region i vest og for at større forvaltningseiningar skal fungere. Digitalisering bidrar til auka produktivitet, økonomisk vekst og auka velferd. Nye næringer veks fram som fylgje av digitalisering. Regional samordning av utbygging av digital infrastruktur med andre satsingar- og investeringar vil gje rask og rimeleg utbygging av breiband og mobilnett.

Behovet for datalagring er enormt – og det doblar seg kvart år. Skal Vestlandet vera aktuell lokalisering for framtidige datalagringseiningar må det byggjast ut med eit ringsystem for fiber, pluss direkte forbindelse mot utlandet. Rundt datasentra veks det opp andre teknologibedrifter – klynger av bedrifter som ikkje berre delar infrastrukturalternativ, men også er del av same arbeidsmarknaden. Så lenge dette manglar på Vestlandet vil utviklinga på dette området skje i og rundt Oslo.

#### **Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring**

Det er ikkje aktuelt med nye regionale planar innafør dette målområdet i denne perioden, men nye regionale planar og sektorplanar/handlingsprogram bør drøfte om eit vestlandsperspektiv er relevant for innhaldet i planen og for revisjon. Eit vestlandsperspektiv inneber å vurdera om analysar, mål, strategiar, retningslinjer og handlingsprogram skal fanga opp eit større geografisk perspektiv enn fylket Hordaland.

#### *Nytt pilotprosjekt om Vestlandsregion*

Vestlandsrådet har vedtatt ein plattform for samarbeidet som bør fornyast når premissane for regionreform er klarlagt. Det bør startast eit forprosjekt for pilotprosjekt for ein større region.

#### *Felles strategiar*

Sektorplanar/strategiar bør reviderast og utviklast som del av Vestlandsrådets arbeid innan relevante tema.

#### *Analyse av behovet for digital infrastruktur på Vestlandet*

Ein analyse av behovet for ein samanbindande og solid regional digital infrastruktur for eit større vestlandsfylke bør gjennomførast.

### § 8-1. Regional plan

Regional planmyndighet skal utarbeide regionale planer for de spørsmål som er fastsatt i den regionale planstrategien. Kongen kan gi pålegg om å utarbeide regional plan for bestemte virksomhetsfelt, tema eller geografiske områder og gjennom forskrift fastsette nærmere bestemmelser om innhold, organisering og om planen skal godkjennes av Kongen. Som del av regional plan skal det samtidig utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.

### § 8-2. Virkning av regional plan

Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.

(Plan- og bygningsloven)

## 3. REGIONAL PLANLEGGING 2016–2020

### 3.1 KORT OM REGIONAL PLANLEGGING

Fylkeskommunen er i Plan- og bygningslova definert som regional planmyndighet. Regional planstrategi og regional plan er planoppgåver forankra i lova. Regionale planar skal utarbeidast for dei spørsmåla som er fastsett i regional planstrategi. Lovverket inneheld reglar om verknad av regional plan og utarbeiding av plan. Fylkestinget vedtek alle planar og planstrategi.

Fylkeskommunen kan i tillegg utarbeide planar/strategiar for tema/ sektorar utan heimel i plan- og bygningslova. Desse planane er del av fylkeskommunens generelle ansvar for å planlegge eiga verksemd i kommunelova eller som utføring av utviklingsrolle innan prioriterte felt. Som planar reknast i denne samanheng politisk vedtekne planar med verknad for Hordalandssamfunnet.

I planstrategien blir desse to plan- typane sett i samanheng for å fastsetja planbehov.

«Regionale planar må gi styring, må være viktige. Må ha relevans!»

Rune Fjeld,  
fylkesmannen i Hordaland

### 3.2 FØRINGAR FOR REGIONAL PLANLEGGING

For å utløse potensialet for samfunnsutvikling gjennom plan er det naudsynt å ha eit godt strukturert plansystem. I denne planstrategien blir det gitt nokre føringar for regional planlegging som skal bidra til at planane blir meir konsistente og


samordnande. Eit enklare og meir likearta planregime vil auka gjennomslagskrafta til planane.

*Regional planstrategi er overordna*  
Alle nye planar skal leggja til grunn langsiktige mål, hovudmål og strategiar i regional planstrategi 2016–2020 og innarbeida desse så langt det er relevant. Det same gjeld ved revisjon av planar og handlingsprogram.


Regional plan for klima og energi og regional plan for folkehelse er tverrsektorielle planar som alltid er relevante å vurdere i andre regionale planar og sektorplanar. Ved oppstart av planarbeid skal alle regionale planar vurderast med omsyn til trong for samordning. Sektorplanar og temaplanar/strategiar skal vera forankra i regional plan eller regional planstrategi.

*Retningsliner for regional planlegging*  
Det er trong for å utforme retningsliner for regional planlegging for å

FIGUR 3.1.1



FIGUR 3.1.2



gjera planlegginga meir effektiv, gjera planane tydelegare og gjennomføringa betre. Det vil bli arbeid med retningslinjer for planarbeid som ei oppfølging av planstrategien. Desse momenta vil bli vurdert i oppfølgingsarbeidet.

**Tidsperspektiv:**

Regionale planar med heimel i plan- og bygningslova skal ha eit tidsperspektiv på minimum 12 år frå vedtaksåret. Alle planar skal ha eit grovmaska handlingsprogram som del av planen og som vedtas samtidig med planen i fylkestinget. Handlingsprogrammet skal konkretiserast nærare for fire år om gongen og vedtas av fylkesutvalet etter tilråding frå utval som har ansvar for oppfølging av planen. Handlingsprogrammet skal vera realistisk og bør reviderast minst ein gong i kvar valbolk.

Den årlege aktiviteten skal synleggjerast i kvart årsbudsjett som vedtas av fylkestinget og i lokale verksemdplanar som vedtas administrativt.

**Organisering og medverknad:**

Alt planarbeid skal leggja til rette for medverknad frå Hordalandssamfunnet. Medverknad i planarbeidet skal fastsetjast i planprogrammet eller i oppstartsak for sektorplanar/strategiar gjennom vedtak i fylkesutvalet. Eit politisk utval i fylkeskommunen skal normalt vera styringsgruppe. Saksordførar skal veljast frå styringsgruppa.

Det skal opprettast samrådsgruppe med representantar for styringsgruppa og relevante eksterne organ. I tillegg kan det opprettast arbeidsgrupper for avgrensa oppgåver eller tema. Kommunane, fylkesmannen, statlege sektororgan, ungdomens fylkesting og andre særlege råd oppretta for regionalt nivå er spesielt relevant som deltakarar i medverknadsprosessar. Brukargrupper og iverksetjingsorgan skal ha særleg merksemd i planprosessane.

**Gjennomføring og rapportering**

Alle planar skal ha eit tydeleg gjennomføringsansvar i eit politisk utval og i administrasjonen. Så langt det er tenleg skal det utviklast resultatindikatorar for kvar plan etter vedtak og fastsetjast rapporteringsrutinar i samband med vedtak av plan.

**Innhald**

Nye planar skal fastsetje mål og ha tiltak i eit handlingsprogram. Planane kan ha visjon, strategiar/satsingsområde, retningslinjer og kartdel dersom det er relevant. Tiltak skal vera tidssavgrensa aktivitet som kjem i tillegg til ordinær aktivitet og drift. Overlapping mellom planar skal unngåast.

Det skal gå fram av namnet på planen kva type plan det er tale om. Berre planar som er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova skal namngjes som regional plan. Andre planar skal namngjes som plan for ... eller strategi for ...

### 3.3 REGIONAL PLANLEGGING 2016–2020 – OVERSYN

I dette kapitlet er det gitt eit oversyn over planarbeid som vil pågå i perioden 2016–2020 etter at planstrategien er vedtatt i desember 2016. Det er lagt til grunn at dei tre regionale planane som har vore på høyring blir vedtatt før dette. Det gjeld regional plan areal og transport på Haugalandet, regional areal og transportplan for Bergensområdet og regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Framdriftsplanar for planarbeida vil ta omsyn til fordeling i perioden for å unngå for mange parallelle prosessar.



Namn	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional næringsplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		FUV	Regional/ Opplæring	Planprogram vedtatt
Regional transportplan		X	MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt - avvente regjeringa si handsaming av KVU
Regional klima- og energiplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for vassregion Hordaland		X	FUV	Regional	Statleg pålagt revisjon
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		KIRU	Regional	Vedtatt i førre strategi
Regional plan for Hardangervidda		X	FUV	Regional	Tilrådd oppstart i alle fylke, enkel revisjon

# VEDLEGG

## Vedlegg 1: Oversyn over regionale planar

Regionale planar	Vedtaks år	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel	2014			FUV	Regional	Vidareførast
Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014–2025	2014			UTHE	Regional	Vidareførast
Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025	2014			KIRU	Kultur og idrett	Vidareførast
Klimaplan for Hordaland 2014–2030 Regional klima- og energiplan	2014		X	FUV	Regional	
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014			KIRU	Regional	Vidareførast
Regional næringsplan 2013–2017	2013		X	FUV	Regional	
Regional transportplan Hordaland 2013–2024	2012		X	MISA	Samferdsel	Revisjon starta opp. Planprogram på høyring sept 2015.
Heiplanen - Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012			KIRU	Regional	Vidareførast
Regional plan for Hardangervidda	2011		X	FUV	Regional	Enkel revisjon
Regional plan for museum 2011–2015	2011			KIRU	Kultur og idrett	Utfasast
Regional plan for vassregion Hordaland	2015		X	FUV	Regional	
Fylkesplan for Hordaland 2005–2008	2005			FUV	Regional	Utfasing. Arealpolitiske retningslinjer treng revisjon/ vidareføring
Fylkesdelplan for Sunnhordland	2005			FUV	Regional	Utfasing.
Fylkesdelplan for areal og transport Haugalandet	2004		X	FUV	Regional	Revidert plan har vore på høyring. Vedtak i 2016
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland	2001			FUV	Regional	Utfasing. Arealpolitiske retningslinjer må reviderast.
Fylkesdelplan for E39 Stord-Bergen	2000			MISA	Samferdsel	Utfasing. Statleg plan for strekninga er under arbeid.
Fylkesdelplan for kulturminne 1999–2010	1999			KIRU	Kultur og idrett	Utfasing Behov for revidering av arealpolitiske retningslinjer jf. Fylkesplan for Hordaland.
Fylkesdelplan for små kraftverk	2009/ 2013			KIRU	Regional	Vidareføring
Hamneplan for Hordaland 2004–2013	1999			MISA	Samferdsel	Utfasing
<b>Regionale planar under arbeid</b>	<b>Planlagt vedtak</b>					
Regional kystsonplan for Sunnhordland og ytre Hardangert	2016	X		FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional areal- og transportplan Bergensområdet	2016	X		FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional plan for areal og transport Haugalandet	2016		X	FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	X		UTHE	Regional/ opplæring	Planprogram vedtatt
Regional transportplan 2018–2029	2017		X	MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt
Regional plan for godshamn i Bergensområdet		X		MISA	Samferdsel	Utsett i påvente av Jernbaneverkets KVVU-arbeid for logistikk-knutepunkt for Bergensområdet

## Vedlegg 2:

## Oversyn over sektorplanar/strategiar – gjeldande, nye og revisjon i perioden 2016–2020

	Vedtatt år	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Internasjonal strategi 2013–2016	2013		X	FUV	Regional	2017
Landbruksmelding 2014–2017	2014		X	FUV	Regional	2017
Matstrategi 2013–2017	2014			FUV	Regional	Mogeleg revisjon
North Sea Region – strategy	2011		X	FUV	Regional	2016/2017
Næringshagar i Hordaland	2011		X	FUV	Regional	2020
Regional forskingsstrategi	2014		X	FUV	Regional	2019
Regionalt forskingsfond – bestilling	2015			FUV	Regional	2019
Reiselivsstrategi for Hordaland	2009			FUV	Regional	Utfasing
Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket	2015		X	FUV	Regional	Mogeleg revisjon
Strategisk næringsplan for Bergens-regionen	2015			FUV	Regional	BRB– samarbeid
Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland	2014		X	MISA	Samferdsel	2017
Kollektivstrategi for Hordaland	2014			MISA	Samferdsel	
Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensar for riks- og fylkesveggar	2013		X	MISA	Samferdsel	
Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012–2025	2013		X	OPHE	Opplæring	2016
Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016–2018	2015			OPHE	Opplæring	
Handlingsplan inkludering, likestilling og likeverd	2016			FUV	Økonomi og organisasjon / opplæring	Under arbeid
Klinikkstrukturplan 2015–2030	2016			OPHE	Tannhelse	
Strategisk handlingsplan for bibliotek i vidaregåande skule	2016			KIRU	Kultur og idrett	
Plan for bibliotek- og brukaropplæring frå grunnskule til universitets- og høgskulenivå		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland			X	KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategiar for kunst-, kultur- og idrettsarenaer		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategisk plan for kunst- og kulturformidling i skulen		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategisk plan for utvikling av kulturnæringar i Hordaland		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Regionale retningslinjer for arkitektur		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.

Vestlandsrådet	Vedtatt	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Plattform for Vestlandsrådet	2012					
Cruise-strategi for Vestlandet		X		FUV	Regional	2016 Vedtak
Kulturstrategi for Vestlandet		X		KIRU	Kultur og idrett	2018 Kulturplanen
Filmmelding for Vestlandet	2014			KIRU	Kultur og idrett	
Marin strategi for Vestlandet	2013			FUV	Regional	Revisjon
Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013–2020	2013			FUV	Regional	
Transportplan 2007–2019 m/Handlingsprogram 2012–2015	2012			MISA	Samferdsel	

## Vedlegg 3:

## Påverknadsfaktorar for folkehelsa – samandrag av kunnskapsoversikt

## «Folkehelsa i Hordaland»

God helse i befolkninga er ein vesentleg føresetnad for eit berekraftig samfunn – både økonomisk og sosialt. Ei befolkning med god helse gir positive bidrag til samfunnsutviklinga gjennom produksjon og deltaking. Dårlig helse avgrensar fridom til å leve det livet ein verdset og kan føre til lågare deltaking i samfunnet. Dette er skadeleg for enkeltmenneska det gjeld, men får og negative følgjer for samfunnet sine inntekter og utgifter, for livskrafta til det sivile samfunnet, for tryggleik og for utviklinga av demokratiet.

Vi har sosial ulikskap i helse i den forstand at det er glidande skilnader i befolkninga sin helsetilstand. Dess lågare inntekt og/ eller utdanning ein har, dess mindre (statistisk sett) er deltakinga i helsebringande aktivitetar som arbeidsliv, i frivillig arbeid og i fritidsaktivitetar. Det er og høgare frekvens av sjukdom, og sjukdommen får større konsekvensar. Dette skuldast i størst grad strukturar i samfunnet som legg premisane for levevanar og med det samansetninga

av helse i befolkninga. Det er krav om at vi skal vere bevisste på desse strukturane og arbeide for ei jamnare fordeling av helse i befolkninga.

Kunnskapsoversikta «Folkehelsa i Hordaland» gir ein folkehelsestatus for fylket. Hordaland har gode resursar i ei befolkning med høgare gjennomsnittleg utdanning enn landet. Det er færre barn som veks opp i hushald med låg inntekt, og med einslege forsørgjarar. Her er god tilgang på nærturterreng og rekreasjonsareal i heile fylket.

Det er stor vekst og rask vekst i vestlege og kystnære delar av fylket. Her ligg det både moglegheiter og sårbarheiter. Befolkningsvekst krev utbygging av ei rekkje tenester – i nokre område blir heilt nye bymiljø planlagt. Kvalitetar i nærmiljøet som grønstrukturar, sosiale møteplassar og relevante tenester i gang/ sykkelavstand er vesentlege, strukturelle faktorar som påverkar helsa. Det å sørgje for ei planlegging som er heilskapleg er naudsynt for å sikre at

vi legg til rette for gode nærmiljø for framtida.

Aukande arbeidsløyse råkar i særleg stor grad det oljerelaterte næringslivet. Ringverknadane over i andre næringer er vesentleg og ventast å vere ved. Deltaking i arbeidslivet er svært viktig for alle befolkningsgrupper, men det er særleg uheldig dersom unge ikkje kjem inn i arbeidslivet etter utdanning.

Barndomen var livet ut heiter det. Fleire kommunar i Hordaland har elevar med lågare lese- og skriveferdigheiter og lågare trivsel i grunnskulen, enn landet elles. Ei best mogeleg plattform frå grunnskulen er viktig for å lukkast i vidaregåande skule. Sjølv om fylket ikkje skil seg frå landet når det gjeld fråfall i vidaregåande skule, er det framleis for høgt. Å sikre ei auka gjennomføring vil vere eit viktig bidrag til å legge til rette for framtidig god helse.

